

Til Hellesøy for å studere bygdeutvikling

Sist veke besøkte 10 studentar Hellesøy for å gjere feltarbeid om bygdeutvikling. Det var naturleg å velje Hellesøy som case, mellom anna på bakgrunn av prosjekta som har blåst nytt liv i bygda.

HELLESØY: Studentane har vore fire dagar på Hellesøy for å få innblikk i lokalsamfunnet, eit innblikk som skal danne grunnlaget for ei semesteroppgåve om bygdeutvikling. Førsteamanuensis Eli Jeanette Fosso ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling i Rogaland, fortel at det er første gong dei vel å gjennomføre feltarbeidet på denne måten.

Teori i praksis

– Vanlegvis har studentane brukt å gjere feltarbeid på ulike stader, gjerne i eit anna lokalsamfunn dei kjenner godt. Men denne gongen ville vi samle alle på ein stad, og då vart Hellesøy eit naturleg val. Feire av dei som har vore drivkrafta bak utviklinga her, har studert hos oss tidlegare, for så å ta i bruk den tillærte metodikken. Å sjå metoden i praksis og resultatet av jobben dei har gjort, er bakgrunnen for at vi valde Hellesøy, fortel Fosso.

Under opphaldet har studentane frå landbrukshøgskulen jobba i grupper og tatt for seg fire ulike tema: Ei gruppe har sett nærare på korleis ein skal få folk med på frivillig arbeid, og motivere dei til å halde koken oppe over tid. Gruppe nummer to studerer kva betydning sosiale møteplassar har å seie for trivsel og tilhøyrse, medan ei tredje gruppe har tatt for seg nærbutikken og samspelet mellom lokale leverandørar og butikk. Den siste gruppa har studert næringsutvikling og ser på visjonar knytt opp mot marknadsføring av bygda. Det er her studenten Laila Helleberg har jobba.

«End of the road»

– Vi har tatt for oss enkelte



Her besøker studentane Hellesøy for å få innblikk i kva prosjekt som har blitt drive i bygda dei siste året. Student Laila Helleberg meiner Hellesøy har eit stort utnytta potensiale, mellom anna innan turisme. På bildet (frå venstre) Elin Sabbasen, Lars Jørgen Insulan, Kjersti Lesteberg, Roger Johnsen og Lovise Hetland.

Foto: Rhys Evans

av slagorda til Hellesøy og ser på korleis dei samsvarar med røynda. Vidare forsøker vi å finne ut korleis dei kan bli realiserte i enda større grad, fortel Helleberg.

I tillegg til å vere student driv ho med lokalsamfunnsutvikling i Sirdal og har mykje erfaring frå feltet. Det hennar gruppe har kome fram til gjennom observasjonar og intervju, er at Hellesøy mellom anna har eit stort utnytta potensiale innan reiseliv.

– Hellesøy er jo ei vèrhard bygd, noko som ein kan spele meir på. Vi har fleipa litt med å ta ideen om «powerful nature» vidare. Mange turistar som reiser hit, driv med fiske og fuglekiking, og det kan Hellesøy i større

grad leggje til rette for. Noko er tilrettelagt, men her er mykje å gå på, seier ho.

Helleberg meiner at restauranten og overnattingsstilbodet er svært viktig for å trekke turistar til bygda, og at ein kan lett utvide drifta og tilbodet:

– Med berre nokre små modifikaasjonar kan restauranten også eigne seg som kurs- og konferanselokale, påpeikar Helleberg.

Kan satse meir på turisme

Helleberg sit att med eit godt inntrykk av Hellesøy etter besøket, og trur at mykje vil skje i framtida.

– Det finst veldig sterke drivkrefter i bygda, og ei god dugnadsånd blant innbyggjarane.

Eg har også bitt meg merke i at folk i bygda er veldig stolte. Dei er stolte over å vere frå Hellesøy, stolte over kulturen sin og naturen, seier ho. Helleberg trur denne stoltheita er sentral for å skape ei levande bygd og meirverdi i form av både økonomi, aktivitet og trivsel.

Ingunn Teigen som har jobba med utvikling i Hellesøy opp i mot Liv og Lyst-prosjektet, tykkjer det er gjevande å få eit så

omfattande ytre blick på sitt arbeid.

– Vi er veldig glade for å bli spurt, og vi tykkjer det er veldig inspirerende å få innsikt i deira tankar og idear om forslag til vidare utvikling, seier Teigen.

KAROLINE VÅRDAL
karoline@vestnytt.no

92290574